



Kyrhovden velforening
Rut Alise Kongevold

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/626 - 15/4099

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
14.04.2015

Kyrhovden - fartsdumpar - etterlysing av tilbakemelding

Me viser til dykkar mail.

Tiltak i form av fartsdumpar er noko kommunen gjennom mange år har vore restriktiv til. Dette har samanheng med kostnader, men det er også på bakgrunn av ei vurdering i høve til dei ulempene som naturleg følgjer med. Me tenkjer då på mellom anna yrkessjåførar, brøytemannskap og andre som utfører nødvendige tenester til brukarane av vegen. Det vert også gjort vurderingar i høve til dei fartsbestemmelsane som gjeld for dei enkelte strekka/områda, og kva aktivitetar som går føre seg. Slik som barnehagar, skular osv.

For Kyrhovden er fartsgrensa sett til 30 km/t. Dette i seg sjølv burde normalt vera nok til at «råkøyring» ikkje førekom. Men dette skjønar me ikkje er dykkar erfaring med situasjonen i Kyrhovden. Me vil likevel ikkje no gå inn med tiltak i form av fartsdump. Dette grunna skilting med låg fart, men også grunna erfaring av at «råkøyring» ofte skjer som forbigåande men uheldige handlingar.

Når det gjeld trafikkisikring knytt til skulen er det no under arbeid å få laga ein betre tilkomst for levering og henting av barn på sørsida. Det fysiske arbeidet vil truleg starta opp til hausten. Dette vil venteleg føre til at levering til nordsida av skulen (ved Kyrhovden) vert mindre aktuelt. Dette er slik skulen også har eit sterkt ynskje om å få til.

Når det gjeld skeiv lysmast skal me varsle denne inn til Bkk på nytt.

Med helsing

Einar Færø
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kyrhovden velforening